Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 12

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Gamal engkultur

Oppskr. av: Johannes Hagen

(adresse): Leksvik

Fylke: Nord-Tröndelag

Herad: Leksvik

Bygdelag: Blankbygda

Gard: Nord-Röstad

G.nr. 34 Br.nr. 2+3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ja, til dels, elles var og er nemninga mykje jale (m. tjukk l) jorde) og utslåtta eller markaslåtta.

Ekre (ell. æker i bygdamålet) er bruka nemning om eit engstykke med same storleik som åkeren hadde, eller ei ekre er eit samanhangande engstykke som er attlagt på eit år.

Attlegg er eit jordstykke som går over frå åker til eng

Ja, tjukkeng, fraueng, småeng, skrinneng og skrapeng (sers dårleg eng)

Grasfôr, finfôr og småfôr

Ljåslått og hakkslått

2 I håbolla vart meste av slåtterydjinga gjort. Større tre vart hogge ned og småskogen (vier, småbjörk og slikt) vart rykte opp med rotom. Ja det var kvistdonga, rat-donga, raskdonga o. dl. ratdong

Reinsk slåttan. For det meste vart dei liggjande og rotna opp.

Steinan ville dei helst skulle liggja iro, for da grodde det kring han

2000

3 Mosevaksen eng

Kva rådbåter dei brûka mot mosen eller om dei i det heile hadde noko råd mot han, kjenner eg ikkje noko til. Noko frösåing var det neppe her i bygda för skiftebrûket kom i gang

4 Myr og vassjûk eng

I ûtaslåttane fins det intkje merke etter veiting frå gamal tid; men på heimeböen er veiting nokså gamal, förat gjene veiter, og alt i 1774 då Gjerhard Schönning reiste gjennom bygda skriv han at dei på ymse gardar har teke til å leggja att gröftene med stein. Men det var vel mest gjort for åkerbrûket.

5 Gjödsling

Nei, vintergjödsel vart ikkje nytta til enggjödsling, åkerbrûket tok all vintergjödsla. Det var berre sætervollane som vart gjödsla med den gjödsla av bûskapen om sommaren. Noko viss mengd på kvart engstykke med gjödsel var det sjeldan.

6 Namnet var Framieng og framför

7 Om dei bygde hûsa med tanke på at gjödselsiget skulle gjödsla engstykke kjenner eg ikkje til; men hûsa vart lagt mest mogeleg högt og fritt med godt ûtsyn.

2000

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 2
Emne nr 12



Tunsiget vart kalla frausig. Jau med å grava små veiter. Eng som vart gjödsla av tunsiget kallast den dag i dag for Tudu.
Eg trur det hadde mindre å seia å leggja åkrane slik at siget frå dei gjödsla engstykke nedanfor.
Markaføringa var den viktigaste føringa i eldre tider her, alt som var åkerjord på heimeböen var til korn.

8 Sætervollane vart gjödsla om hausten, rett för buskapen för ned til bygda.
Kjöredoninga var ein tremei sleda med skjerma på. Gjödsla vart lest på med ei Greiperuka (ein reiskap av tre med tri fingrar eller tinnar av tre med jarnskoing på endane) Så vart gjödsla kjört ut og velta i dungar (1 lass å kvar dunge.) Og så atter til med greiperuku og spreia ho utover. Til slutt var det mykje bruka å köyra ein trelem eller ei dör over stykke for å smuldra gjödsla.

Tremeisleda er på skap som ein vanleg stongsleda, men litt stuttare, og det er ikkje jarnstenger under meiane, berre tre. Når meiane vart slitne nagla dei under nytt



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

trevyrke. å leggja drag under sledan, kalla dei det.
Det er no ein 60–70–80 år sidan fraugaffelen tok over plassen til greipkrukku. litt ymse på dei ymse gardar. Og tremeisledan er og lite i bruk, gjödselkjerra, eller bikk-vognen som han vert kalla her, har teke rommet til den. Men på bratt-lendte stelle er tremeisledan mykje hendigare å köyra ut gjödsla med, så enda er han i bruk her og der.

9 Ja enga på heimeböen vart beita frå tidleg om våren. Det var takoten at sauen skulle vera framfödd 14 april. Og straks det tok til å grönast sleppte dei og kyrne ut, så gjekk dei der til det vart mat i heimemarkom. Kring Jonsok flytte dei til sætra. Utslåttane derimot var dei sers varsame med å beita. At det var for å gjödsla heimeböen dei beitte så hardt tvilar eg på, det var vel vår-knipa som gjorde det

10 No er vårbeiting lite bruka. Det er dei som driv med geiter som enda driv litt vårbeiting på heimeböen. Men haustbeiting, å beite av håa, er i bruk på alle gardar i bygda

2000
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Blad 3
Emne nr 12



Med vårbeitinga tok det til å verta ein snunad for omlag 50–60 år sidan, og så har det vorti betre om senn, så dei siste 20–30 åra har det vori lite vårbeiting. Og i markom vert det ikkje slege höy lenger, så der går kreatera fritt.

11 Kukakene vart vel oftast liggjande som dei var lagde av produsentane, og småfelt sycreier gjödsla sjölv. Nokon reiskape til å jamna gjödsla med har eg ikkje höyrt tale om.

12 Når kreatera gjekk på utmarksbeite overnatta dei i sommarfjös, og det gjer dei enda dei fleste stader. Nei ikkje attmed utslåttar, heime vart dei bygd attmed utgjerde og på stølen attmed sætervallen.

13 Ja sauene kunne på nokre få stader verta stengt inne i ein firekanta innhegning med hög skigard på sidene, som er kalla krüvi.
Det var ikkje meir enn ein krüvi til den garden som bruka det.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2000

14 Grindgang eller kviing
15 Slikt er ikkje kjent frå bygda
16 her.
17

18 Nei

19 Krūvi, eit lite, innhegna stykke å ha kaötera i om natta (helst saūene). Trö eit innhegna jordstykke av ymse storleik. Det er mange små brūk i bygda som har trö i namnet. Döme: Röstadtröa, Grandtröa, Krabsettröa, Nytröa, Talmotröa, Bergtröa, Nygardströa, Björnbūtröa, og mange fleire. Og ei heil mengd med jordstykke med trö i namnet.
Stöd er namn på ein ~~stad~~ der ein legg i land båtar.

20 Ja på setrane har det frå gamal tid vori inngjerda slåttemark, og er det enno, namninga er Setertofta. Ja det er mange hūndre år gamalt. Setertoftene vert slegne enno, og tildels meir og meir oppdyrka, men Markaslåttane er nedlagde for godt. Setertoftene vart gjödsla ~~med~~ sommargjödsla av būskapen. Framgangsmåten med arbeidet sjå 8

21 Tråkse og sild (sūrsild) vart vart mykje brūka til åkergjödsling men til enggjödsling veit eg ikkje det vart nytta.

2000
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

N. Tr.
Leksvik
Johannes Hagen

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Våret hekk på stonga bak ryggen åt den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverike. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?



Nei, vassbering på denne måten
har nokke vori nytta her i bygda
Iallfall kjenner ingen av dei
som no lever til det.
Her vart vassgreiet bruka
til vassbering

Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ? Nei

Har ein bruka kumøkk til brensel ? Nei

Det har vori nogda med brennved frå skogen, så det har ikkje vori naudsynt med slikt brennfang.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING